



Arkivnr: 2014/166-31

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.02.2016
Fylkestinget		08.03.2016

Fylkeskommunal garanti for Nordhordlandspakken

Samandrag

Fylkestinget har to gonger tidlegare hatt oppe saker om Nordhordlandspakken. Det er no reist spørsmål frå Regionvegsjefen om fylkeskommunal garanti for lån som bompengeselskapet skal ta opp. Fylkeskommunal garanti er avgjerande for kva rente ein kan oppnå. Det er ønskjeleg å få avklaring på dette spørsmålet før saka skal handsamast i Stortinget.

Fylkesrådmannen rår til at det vert gjeve fylkeskommunal garanti. Ein vurderer risikoen for å vere låg.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr som Nordhordlandspakken AS tek opp til finansiering av veginvesteringar.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 750 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av påløpne renter og omkostningar.
3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av innkrevjingsperioden for bompengar (12 år) med tillegg av inntil 2 år, jfr. garantiforskriften § 3.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.02.2016

Sak om Nordhordlandspakken har vore til uttale i kommunane i tre omgangar, og er lagt fram for fylkestinget i to omgangar i perioden våren/ hausten 2014 og våren / sommaren 2015. Fylkestinget handsama saka første gong i møte 9.-10. desember 2014, sak 90/2014. Endeleg saksgrunnlag blei handsama i fylkestinget den 10. juni 2015, sak 40/2015.

Finansieringsplan

I oversendinga frå Regionvegsjefen er det rekna med slik finansieringsplan

Finansieringskjelde	Mill. kr (2015-kr)
Statlege midlar	58
Fylkeskommunale midlar	272
Bompengar	1 142
Sum *	1 472

Det er lagt opp til ein bompengeperiode på 12 år. Takstane for lette køyretøy målt i 2015-kroner utgjer 16 kroner. Det vert dobbel pris for tunge køyretøy. Køyretøy med godkjent AutoPASS avtale og brikke oppnår 10 % rabatt. Det er vidare føresett eit passeringstak på 50 passeringar per kalendermånad.

Det er føresett ein årsdøgntrafikk (ÅDT) gjennom bomsnitta på 21 556 køyretøy (2012) (korrigert for timeregulering og bortfall av trafikk som følgje av bompengar). Det er vidare lagt til grunn ein vekst i trafikken på 1 % per år frå 2015.

I utrekningane er det lagt til grunn ei lånerente på 4,5 %, og fylkeskommunal garanti. Det er ønskjeleg å få avklart føresetnaden om fylkeskommunal garanti før saka vert lagt fram for Stortinget.

Det er venta at lånesaldoen vil utvikle seg slik det går fram av tabellen nedanfor.

	Sum gjeld
År	mill. kr
2016	76,2
2017	223,4
2018	346,4
2019	509,4
2020	614,9
2021	674,1
2022	699,9
2023	725,4
2024	622,7
2025	510,4
2026	387,9
2027	254,7
2028	110,1
2029	-46,7

Maksimalt låneopptak er venta i 2023 med ca. 725 mill. kr.

Risiko

Nordhordlandspakken er ein bompengepakke der omfanget av utbygginga skal tilpassast den økonomiske ramma til pakken. Det betyr at det ikkje skal startast opp nye prosjekt som ikkje let seg finansiere innanfor

den økonomiske ramma. Dersom kostnaden ved eit prosjekt aukar, må det kuttast tilsvarande i andre prosjekt. Når prosjekta i pakken er prioriterte vil det innebere kutt i prosjekt som er gitt lågast prioritet.

I Nordhordlandspakken er det lagt opp til gjennomføring av 19-20 prosjekt. Det er samstundes eit krav om at bompengelånet skal vere nedbetalt ved utgangen av bompengeperioden. Uvisse i Nordhordlandspakken er først og fremst knytt til kor mange prosjekt som kan bli realisert. Talet på prosjekt vil avhenge av både storleiken på inntektsstraumen og kostnadsutviklinga for prosjekta som inngår i pakken.

Moglegheita til å redusere talet på prosjekt / tiltak ved ein eventuell kostnadsauke eller svikt i inntektene er det viktigaste verkemiddelet som kan setjast i kraft for å sikre at bompengelånet blir betalt ned innan fristen.

Behov for kutt i pakken er ei problemstilling som først vil vere aktuelt i siste del av investeringsperioden. I denne perioden vil det i tillegg til ei tett økonomisk oppfølging av bompengeselskapets økonomiske status også bli gjennomført eigne investeringsanalyser som grunnlag for å starte opp nye prosjekt. Her blir forventningar om prosjektkostnader og framtidig inntektsstraum vurdert. Gjennom lokalpolitiske vedtak har kontaktutvalet, som i praksis vil ha funksjon som ei styringsgruppe, fått mandat til å gjennomføre nødvendige kutt i pakken, om det skulle vere nødvendig. Tiltak kan dermed setjast i verk raskt. Statens vegvesen har erfaring frå igangverande pakkar der tilsvarande prosedyrar som er skissert ovanfor blir praktisert.

I takstvedtaket, som blir fatta av Vegdirektoratet før innkrevjinga av bompengar startar opp, er det vanleg å gje bompengeselskapet rett til å justere takstane dersom inntektsmåla i pakken ikkje blir nådd. Ei slik justering blir vanlegvis gjennomført så snart det ligg føre nok informasjon om inntektsutviklinga, vanlegvis etter om lag 1 års drift. Om det skulle bli aktuelt å justere taksten, vil selskapet søke om takstjustering. Søknaden blir behandla lokalt og i fylkeskommunen. Dette er eit viktig verkemiddel som kan bidra til å rette opp større svikt i inntektene.

Konklusjon

Fylkesrådmannen vurderer risikoen ved å gje garanti som låg. Sidan dette er ein pakke bestående av 19-20 prosjekt, vil det vere mogleg å justere omfanget av investeringane under vegs dersom kostnadene vert høgare enn føresett eller bompengeinntektene sviktar.

Fylkesrådmannen rår til at maksimal garantisum vert runda opp til 750 mill. kr, + 10 % til påløpne renter og omkostningar.

Det er lagt opp til at innkrevjing av bompengar skal gjennomførast i perioden 2018-2029 (12) år. Garantien gjeld til utløpet av innkrevjingsperioden, med tillegg av inntil 2 år.